

30-40 oppdrag for Myklebust

14.01.2010



Sidan snøen kom og fram til no reknar Sigurd Myklebust (biletet) med at bilbergingselskapet hans har hatt 30-40 jobbar.

Det har vore skikkeleg hektisk og lange dagar for bilveteranen..Vanlegvis ligg snøen berre to-tre dagar når han kjem på våre kantar, men når den no har vorte liggjande og temperaturen i tillegg har vore låg har det vorte ekstra mykje å gjera.

Sigurd kan ikkje minnast at han nokon gong har hatt så mykje å gjera på så stutt tid, seier han til Grenda..

Utforkøyringar, elektriske problem på nye bilar, generelle motorproblem og for dårlege batteri er dei viktigaste årsakene til at bilistane har hatt behov for hjelp. Det har heldigvis vore få samanstøytar.

Kvinnherad Auto som Sigurd driv er tilknytt både Viking og NAF.

I Viking-systemet skal bilane leverast til merkeverkstader for at sjåføren skal få leigebil. Difor har det vorte transportar både til Bergen og Haugesund. Sigurd disponerer 12 leigebilar.